

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 30/2003

Møtedato: 14.5.03

Arkiv nr:

VASETFONDET – SØKNAD OM TILSKOT

Erstatningsfond for Vaset turistutbyggingsområde skal etter statuttane avviklast. Tilskot frå fondet kan gjevast til stølsbrukarar som driv husdyrhald ut frå støl i området og som kan vise til ulempe av turistutbygginga. Ved utløp av søknadsfristen den 30.4.03 var det kome inn to søknader.

Steinar Lagrud, Knut Storhaug og Vidar Opheim har i skriv datert 25.3.03 i fellesskap søkt om tilskot innkjøp av utstyr som trengst for å gjennomføre beitetiltak som er skissert i 6 punkt. Utgiftene til opparbeiding av kulturbeite vil truleg bli dekkja av STILK-midlar. Det blir derfor søkt om tilskot til innkjøp av nødvendig utstyr som er kostnadsrekna til kr 102.875.

Tiltaka som er planlagt vil kunne få statleg tilskot gjennom STILK-midlar (Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap). Det blir gitt tilskot på 35 til 70 % av kostnadsoverslaget. Landbrukskontoret hjelper til med å lage planer og søknad til landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Oppland.

Tilskot frå fondet vil fjellstyret knytte opp mot utførte tiltak og ikkje til dekning til innkjøp av utstyr.

VEDTAK:

Fjellstyret ser svært positivt på planane som er lagt fram og ynskjer å støtte dette med tilskot frå fondet. Før fjellstyret behandlar søknad om tilskot, må søkjaren fremme søknad om STILK-midlar. Når denne søknaden er avgjort, vil fjellstyret vurdere tilskot på den del som ikkje blir dekkja av STILK-ordninga.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 16.5.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Steinar Lagrud
Knut Storhaug
Vidar Opheim
Statskog
Vestre Slidre kommune LNT